

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2023

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 19) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einkilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einkilde fylkeskommunen sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet). Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for det same kriteriet har 10 prosent høgare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for det same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{18} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i . Den samla indeksen for berekna utgiftsbehov er då summen av indeksane for kvart kriterium der det einkilde kriterium er vekta med si vekt i kostnadsnøkkelen.

Vekta for kvart kriterium i kostnadsnøkkelen er vist i tabellen på neste side.

Innbyggjarar 1–18 år har ei vekt på 0,0331 i den samla kostnadsnøkkelen. Det betyr at 3,31 prosent av det berekna utgiftsbehovet til fylkeskommunane, på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Sjå innleiinga til Grønt hefte for ein meir utførleg omtale av korleis sektorvektene og vektene til kvart kriterium blir fastsette.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2023:

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0331
Innbyggjarar 16–18 år	0,3962
Innbyggjarar 19–20 år	0,0037
Innbyggjarar 21–22 år	0,0025
Innbyggjarar 67 år og over	0,0052
Innbyggjarar i alt	0,0231
Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over	0,0011
Søkjjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0921
Søkjjarar til lære plass	0,0152
Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0171
Innbyggjarar busett spreidd	0,0205
Sysselsette etter arbeidsstad, skalert (ut over 29 prosent)	0,1425
Normerte ferjekostnader	0,0506
Lengde kystlinje	0,0118
Normerte båtkostnader	0,0118
Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1735
Sum	1,0000

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 1–16. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år

Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år

Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–20 år

Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 21–22 år

Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over

Kolonne 6 – Indeks for innbyggjarar i alt

Kolonne 7 – Indeks for personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over

Kolonne 8 – Indeks for søkjjarar i høgkostnads utdanningsprogram

Kolonne 9 – Indeks for søkjjarar til lære plass

Kolonne 10 – Indeks for reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar

Kolonne 11 – Indeks for innbyggjarar busette spreidd

Kolonne 12 – Indeks for sysselsette etter arbeidsstad, skalert

Kolonne 13 – Indeks for normerte ferjekostnader

Kolonne 14 – Indeks for kystlinje

Kolonne 15 – Indeks for normerte båtkostnader

Kolonne 16 – Indeks for vedlikehaldsbehov fylkesveg

Kolonne 17– Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–16. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

Kolonne 18 – Befolkningsdel per 1.7.2022 (promille)

Kolonne 19 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 17) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kolonne 18).